



KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE



SAL 104,24

HERRE, KOR MANGE DINE
GJERNINGAR ERI
OG ALLE HAR DU GJORT MED
VISDOM,
JORDA ER FULL AV DET DU BER
FRAM.



Organ for sokna i Klepp kyrkjelege fellesråd.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Kari Haavardsholm - kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal
Elin Anita Garpestad

Layout-ansvarlig:

Linda Aanestad Haugland

Framsida:

Konfirmantleir Orre, på Horve. Sjå meir s.6

Trykk:

Olsson as

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

E-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Vippsnummer: 810948

Utgivelser i 2025

Nr.	Stoff-frist	Utgivelse
3	26.08.	23.09.
4	28.10.	27.11.

Med forbehold om ledig plass.

Stoff-fristen må overhaldas!

Mail-adresser:

menighetsbladet@klepp-kirken.no
51 78 95 55

Kari Haavardsholm, 992 66 752
kontor@klepp-kirken.no

Astrid Voll, 924 63 073
astrid.voll@outlook.com

Ståle Ravndal, 928 90 335
stale.ravndal@gmail.com

Elin Anita Garpestad, 951 44 099
eagarpes@online.no

KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP, ORRE OG BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

Kontortider:

Måndag til torsdag: 10.00 - 13.00
Fredag: Stengt
Elles etter avtale

Tilsette kyrkjekontoret:

Kyrkjeverge, Arvid Kaspersen	401 57 641
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Sekretær, Ingunn D Aandal	924 19 934
Diakoniarbeider, Ruth Bråtveit	472 59 486

Klepp sokn:

Sokneprest, Just Salvesen	410 04 692
Dagleg leiar, Hilde N. Djønne	481 25 450
Sekretær, Ingunn D. Aandal	924 19 934
Kantor, Ola Sotnakk	919 24 158
Menighetspedagog barn, Vilde Henriette Lund Bergseth	988 96 528
Menighetspedagog ungdom, Andrea Bjørkavoll-Bergseth	414 53 395
Kyrkjetenar, Ketil Teming	900 35 471
Kyrkjelydsarbeidar, Karoline Undheim	922 55 478

Orre sokn:

Fungerande sokneprest, Gunther Theiss	474 53 243
Menighetspedagog, Erik Gjerdahl	401 78 345
Dagleg leiar, Hilde N. Djønne	481 25 450
Organist, Arne Hadland	
Ungdomsarbeidar, Karl Ørbeck Dächert	991 56 865

Bore sokn:

Sokneprest, Ivan Fjeld	948 69 841
Dagleg leiar, Hilde Kalvatn Eikeland	480 36 029
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Organist, Elin Underhaug Kanu	909 45 278
Menighetspedagog barn, Anette Dagfinrud Thorset	919 21 631
Menighetspedagog ungdom, Birgitte Maudal Berge	473 71 627
Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme	909 76 477

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Menighetspedagog, Inger Lende Sandve	918 40 797
Driftsleiar, Geir Adne Vestvik	928 56 689
Barn- og familiepastor (vikar), Edel Egeland	454 03 891
Team ungdomsarbeid: Guro Haugen Høyland	976 07 760
Samuel Njærheim	952 27 731
Irene Undheim	970 61 630
Ruben Omdal	976 41 553

Glede over våren!

I skrivende stund er vi rett over påske, det er vår og ganske fint vær med sol og litt vind. Vi er nå tross alt på Jæren. Våren er min favorittårstid. Det er så mye håp og forventning i lufta på denne tiden av året. Det blir stadig mildere og lysere ute, solen begynner å varme ganske godt og vårjakken må frem selv om gradestokken viser rett over 13 varmegrader.

Samtidig som våren er i full sving, er også byggearbeidet med den nye kirka i Klepp i gang for fullt. Det er spennende å følge med på hvor raskt alt reiser seg – både den nye kirken og kultursalen, og rehabilitering av rådhuset. For noen uker siden var det grunnsteinsnedleggelse, og det var både rørende og stort å få gå inn i kirkebygget for aller første gang. Riktignok var det uten tak og med ekstra god gjennomtrekk – men likevel en opplevelse som gjorde inntrykk. På litt samme måte som våren, gir også dette arbeidet

glede og forventning for det som skal komme i en større og bedre utformet kirke som skal romme både dagens menighetsliv og fremtidens muligheter.

Innsamlingen til ny kirke har pågått i lang tid, og det er mange som har bidratt – og fortsatt bidrar – med tid, penger og innsats. Stiftelsen Klepp nye kyrkje er et godt eksempel på dugnadsånd i praksis. Hver uke står de på: De samler handlekurver på Jærhagen mot stengetid, driver Nytt og brukt-butikken på Klepp stasjon flere dager i uka, arrangerer loppemarkeder og stiller som eksamensvakter på skoler i området. De er også aktive i dugnadsgruppa i kirka hvor de tar på seg både store og små oppgaver. Jeg kunne nevnt mange flere eksempler. Tusen takk for alt dere gjør – for menigheten, for ny kirke og for hele Klepp!

Denne våren har også vært spennende internt i staben i Klepp menighet.

Etter en periode med flere vikarer i ulike roller og stillingsprosenter, har vi endelig fått på plass en ny og fast stab. Vi er motiverte og ser frem til å fortsette arbeidet for menigheten – både nå og frem mot innflytting i den nye kirken.

Alt dette gjør at våren i år har vært litt ekstra spesiell for meg. Og midt i alt dette kom påsken og minner oss på hvorfor vi driver det arbeidet vi gjør; nemlig for å bidra til mer himmel på jord med Jesus i sentrum. En mer meningsfull jobb kunne jeg nok ikke hatt.

Kyrkjelydsarbeider Klepp sokn,
Karoline Undheim
Foto: Tore Myrstad



Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest, Just Salvesen (Klepp) - Tlf. 410 04 692

Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore) - Tlf. 948 69 841

Sokneprest, Gunther Theiss (Orre) - Tlf. 474 53 243

Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad) - Tlf. 489 97 108

Diakonmedarbeider, Ruth Bråtvelt - Tlf. 472 59 486



Besøksvenn

Som kyrkje ønsker me å rette fokus på det å være ein Besøksvenn.

I samfunnet rundt oss finns der mange som av ulike årsaker opplever einsemd og ønsker nokon å vere i lag med for å få dagane til å bli meir meningsfulle. Nokon har plager og utfordringar som gjer at dei er meir bunden til heimen enn tidlegare. Som besøksvenn får ein kontakt med folk som har meldt eit behov for å vere i lag med nokon. Ein går på besøk, drøser om laust og fast, går på tur eller noko anna som begge to sett pris på. Veldig ofte utviklar det seg ein gjensidig glede gjennom desse besøk, både for den som får besøk og for den frivillige som er med på å gjere dagane gode for andre. Det er opp til den frivillige kor ofte ein vil gå på besøk.

Asmund Steinnes er frivillig i Bore kyrkjelyd. Han er òg leiar i Diakoniutvalet i Bore kyrkjelyd og er svært opptatt av dette med Besøksvenn.

1. *Du brenner for at mange fleire einsame skal få ein besøksvenn. Kva er det som driver deg?*

Det er **mange** einsame også i Klepp. Einsamhet går sterkt ut over livskvaliteten til ei stor gruppe blant oss: 37% av Norges befolkning er litt eller mykje plaga av einsamhet, og 11% er mykje plaga av det! (SSB's Livskvalitetsundersøking 2020). Dette er ei **stor utfordring** å ta tak i om vi bryr oss om våre medmenneske! Det er om å gjera å få veta om kven av dei einsame som ønsker å få besøk av ein frivillig. Helse og velferd i kommunen bidreg mykje til det, men ikkje minst **pårørande** kan sei ifrå om kven som ønsker besøk. Har du ein forelder eller besteforelder, ein annan slektning, nabo eller venn som er einsam, så spør ho eller han om dei vil ha besøk av ein frivillig, og viss den einsame er enig, så meld ifrå!

2. *Vi trenger fleire frivillige som vil vera besøksvenn. Du er det. Kva kjenner du det gjer med deg å vera besøksvenn?*

Eg kjenner at det er meningsfullt å bety litt for andre. Og det er interessant og gir meg glede å bli kjent med og å vera saman med et medmenneske. Når folk får anledning til å fortelje om seg sjølv og sitt eget liv, er det vanlegvis lett og kjekt å ha ein samtale. Så føler eg at eg får lov til å gå i dei gjerningane som Gud har lagt ferdige for meg. Tru og gode gjerningar høyrer saman!

Kyrkjelyden har eit godt samarbeid med Klepp kommune. Tone Augestad Skår, som er frivilligkoordinator i Klepp kommune, gjer her rede for arbeidet som blir gjort rundt ordninga besøksvenn.

Me har opparbeida oss eit veldig godt samarbeid mellom dei kommunale avdelingane og diakonen i kyrkja. Det er eit viktig samarbeid der me kan nå ut til endå fleire, både med og utan religiøs tilknytning. Når livet buttar imot, kan mange og oppleva behov for å snakka om meir eksistensielle spørsmål som angår livet, og får vere saman med andre som er opptatt av det. Me ønsker oss eit lokalsamfunn der alle føler seg inkludert og har eit nettverk rundt seg, og der mange kan vere med å gjere ein forskjell.

Korleis få ein Besøksvenn?

I kommunen jobbar både frivilligkoordinatorane i Helse og velferd og Frivilligsentralen med dette. Me tar imot innspel frå for eks. heimesjukepleien, kvardagsrehabilitering, frå tenestekontoret, pårørande og gjennom kyrkjelydane om folk som ønsker seg ein besøksvenn. I tillegg er det ein del som melder direkte i frå sjølv. Me kan og finne folk gjennom andre arrangement og nettverk som ønsker seg dette. Dersom du ønsker å vere med å bidra eller at du trenger nokon som kjem på besøk til deg, så set me pris på at du tek kontakt.

Korleis bli ein Besøksvenn.

Me er stadig «opne» for og på leit etter folk som har litt tid til overs som dei kan tenka seg å bruke til dette viktige arbeidet. Har du tid, overskot og lyst til eit særdeles meningsfullt frivillig arbeid så ta kontakt med:

Diakon:

Ruth Bråtveit, tlf. 47259486

For Bore kyrkjelyd:

Åsmund Steinnes, tlf. 40201978

Frivilligkoordinator:

Tone Augestad Skår, tlf. 91147824

Liv Øvregaard, tlf. 48460120

Frivilligsentralen:

Tlf. 46862000

Tekst og foto: Ruth Bråtveit, diakoniarbeider

Nye folk i staben i FOK

Av Marita T. Gamlemshaug, daglig leder FOK

Er du barn eller ungdom eller forelder på Frøyland eller Orstad – og er innom kirka? Da er det stor sannsynlighet for at du stifter bekjentskap med noen av disse i tiden fremover.

Mens ungdomspastoren er ute i barselpermisjon, er hennes oppgaver i gode hender hos Team ungdomsarbeid. Mange kjenner allerede disse fra ungdomsarbeidet – og de kjenner ungdommene.

Ruben Omdal er teamleder, Samuel Njærheim har hovedansvaret for FOKUS, Guro H. Høyland har hovedansvaret for konfirmantarbeidet og cellegrupper, og Irene Undheim har oversikt over mye både i FOKUS og i konfirmantarbeidet.

Dette er en gjeng det er vel verdt å være takknemlig for. Treffer du dem på din vei, så må du mer enn gjerne heie på dem og spørre etter hvordan det går i ungdomsarbeidet. Og – husk på å be for dem!

En annen person som det er vel verdt å være takknemlig for – og huske på i forbønn, er Lauren Severson. Mens barne- og familiepastor er i permisjon, vil Lauren gå inn i noen av hennes oppgaver høsten 2025. Lauren har vært en del av Frøyland og Orstad kyrkjelyd de siste årene, og er klar for nye bidrag i menigheten fra høsten av knyttet til menighetens søndagsskolearbeid og trosopplæringstiltak.



Høsten 2025 vil Lauren Severson vikariere Team ungdomsarbeid, f.v: Guro H. Høyland, Samuel Njærheim, Ruben Omdal for barne- og familiepastor i FOK. og Irene Undheim.

“Dette er en gjeng det er vel verdt å være takknemlig for.”

KONFIRMANTLEIR ORRE PÅ HORVE LEIRSENTER.

Det var 18, eg tipper dei var spente, konfirmantar som kom ein etter ein til Horve, fredag 28.mars.

Det var lagt ein god plan for helga, med både bønnevandring, undervisning og aktivitetar. Leiren var et samarbeid mellom Orre og Ræge kyrkjelyd. Fra Orre var det Erik Gjerdahl og Ruth Bråtveit som var leiarar. Frå Ræge var det 4 flotte ungdomar og 3 vaksne pluss ungdomskontakten Kenneth Dås vand. Fredagskvelden starta med taco, deretter bønnevandring med mange forskjellige poster, både ute og inne. Kiosken var og open.

Etter ei roleg natt starta dagen med ein god frukost. Kvar konfirmantgruppe hadde si undervisning. Orre konfirmantane skulle få lære litt meir om temaet, pinsa og Den heilage ande. Vi hadde ei slags aktivitetssløype for å forklare korleis den Heilage ande verkar. Det var kjekt, for det var verkeleg engasjerte ungdomar. Litt etterlengta fritid og fotballkamp mellom Ræge og Orre kom litt utpå laurdagen. Det må sjølv sagt nemnast at Orre vant.

Litt seinare på dagen vart det inndelt i to grupper og dei skulle gjennom 7 poster i ei aktivitetssløype. Igjen ser vi et fantastisk engasjement og det er både interessant og kjekt å sjå korleis ungdomen tar leiaransvar.

Me fekk servert pizza til middag og så var det underhaldning. Konfirmantane vart delt inn i grupper og skulle konkurrera mot kvarandre. Ein slags quiz, som ungdomsleiarar i Ræge hadde laga og hadde ansvaret for. Det blei verkeleg god stemning på laurdagskvelden! Etter nok ei roleg natt og ein god frukost hadde me ei flott gudsteneste, leia av Morten Sandland, sokneprest i Ræge kyrkjelyd. Det blei ein god avslutning på ein flott konfirmantleir som eg trur har sett spor i konfirmantane.

Det må og nemnast at store delar av leiren var mobilfri, noko som dei fleste konfirmantane takla godt.

Me ynskjer Guds rike velsigning over dei flotte gode ungdomane, familieane og framtida deira. Me ber om at dette året og ikkje minst leiren har sett nokon spor som kan verta til styrke og hjelp for livet vidare til konfirmantane.

Referent Ruth Bråtveit,
diakoniarbeidar i Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelyder.
Foto: Solfrid Vigdel Skalkvik



"Igjen ser vi et fantastisk engasjement og det er både interessant og kjekt å sjå korleis ungdomen tar leiaransvar."





Seniorfesten 2025

Ein gong i året er det som vanleg seniorfest. Seniorfesten er eit samarbeid mellom dei 4 kyrkjelydane i Klepp kommune. Vi er så heldige at vi får låne kjellaren på Fokus, bedehuset på Kleppe. I år gjekk det ut vel 130 invitasjonar til årets 80 åringar i Klepp Kommune.

Olaug Bollestad var invitert og hadde sett som Tema « Eit samfunn med eldre». Guro Grude var med og sette eit flott preg på festen med sin vakre song. Gunther Theiss, sokneprestvikar i Orre kyrkjelyd, hadde ein god andakt, med fokus på påska.

I god tid i forvegen hadde nokon av dei frivillige vore på butikkar og andre firma for å få tak i gevinstar til utloddinga. Det blei mange flotte gevinstar.

Fleire frivillige var i sving med forberedeisar. Bord skulle settes opp, dekkas og pyntas. Fleire titalls smørbrød blei smurt og iskake blei kjøpt inn. I utgangspunkt blei det dekket på til vel 90 pers., men når klokka passerte 18, var det vel 110 seniorar til stades. Så flott!

Overskotet blei bestemt at det skulle gå til Roba Utviklingsfond.

Roba Utviklingsfond gir hjelp til sjølvhjelp!

Stiftelsen Roba Utviklingsfond driv utviklingsarbeid i Siraro-distriktet i Etiopia. Stiftelsen har prosjekt innan skule, utdanning av barn og unge, familiepakke (husdyr, kjøkkenhage, og treplanting), helse og sanitet og støtte til kyrkje i området. Idéen og måten me arbeider på, er å gje direkte hjelp til sjølvhjelp. Pengegaver frå privatpersonar og organisasjonar gjer at dette arbeidet kan drivast. Det er ingen tilsette verken i Norge eller i Etiopia –berre ulønna, frivillige medarbeidarar i begge landa.

Det blei ein god seniorfest, stinn brakke og god atmosfære. Ein stor takk til dei frivillige som gjorde slik at festen igjen blei ein suksess.

Ruth Bråtveit, diakoniarbeidar
Foto: Ståle Ravndal.



SAMAN I STOLTHEIT OG GLEDE

Gratulerer med 900-årsjubileet for kyrkja i Rogaland! Saman feirar vi kva rolle kyrkja har hatt for enkeltmenneske og samfunn opp gjennom århundre i vårt fylke. – Eg håper jubileet skaper stoltheit og glede, seier biskop Anne Lise Adnøy.

– Jubileumsglede skal som all anna glede bli delt med flest mogeleg! I starten av dette jubileumsåret er eg fylt av glede og takk, fortel Adnøy. – Ei festhelg er allereie gjennomført med stil i de to prostia i Stavanger by. Ingen tvil om at kyrkjemedlemmer og innbyggjarar har fått med seg det som skjer. Det har vore overveldande stor oppslutning om dei ulike arrangementa.

Nå gler biskopen seg til å reise rundt i bispedømmet og feire jubileet saman med sokna. Gjennom året skal kvart prosti arrangere ei festhelg med ulike tilbod og møtepunkt som aktualiserer kyrkja i lokalsamfunnet, og Anne Lise Adnøy blir med på alt saman.

– Eg ser særleg fram til jubileumsgudstenestene i desse festhelgene, og håper å treffe mange folk frå heile fylket!

– Alle treng å bli sett og invitert inn

«Saman» er overskrifta for kyrkja si jubileumsfeiring, og temaet går som ein rød tråd gjennom alle prosjekta i jubileet.

– Vi treng kvarandre som enkeltmenneske og som samfunn, og vi treng alle å bli møtt som medmenneske. Saman skal vi bygge fellesskap og identitet, seier prosjektieiar for kyrkjejubileet, Inger Vagle.

Som ein del av Saman-satsinga blir sokna oppfordra til å invitere til gjestebod, der kyrkja inviterer til eit enkelt måltid i samarbeid med lokale aktørar som fotballklubben, frivillighetssentralen, skolen, kulturskolen eller andre i nærmiljøet.

– Målet er å utvide kjennskapen vårt til lokalmiljøet og senke terskelen for å snakke med kjente og ukjente i nabolaget. Alle treng vi å bli sett og invitert inn i fellesskap, og alle kan vi og vere med å invitera inn. Kanskje akkurat du har lyst å arrangere gjestebod? utfordrar prosjektieieren.

Jubileumsbåten bind bispedømmet saman

Heilt frå Egersund sitt 400-årsjubileum i pinsen 2023, har kyrkja sin jubileumsbåt reist mellom sokna i bispedømmet. Færingen som blir brukt som stafettpinne er utlånt frå Engøyholmen kystkultursenter. Den har eit seil der kvart sokn kan sette merket sitt.

– Takk til alle sokn som har satt sine «segl» på seglet! Nå begynner det å bli fullt, og vi kan sjå det vakre i at vi høyrer saman i kyrkja, seier biskopen.

– Mange gode assosiasjonar kan knytast til å vere i same båt. Også Andens vind blir konkret og synleg i båt-motivet. Takk til misjonærar, vikingar og vår første biskop, Reinald frå Winchester, som delte ordet om Jesus med området vårt. Aller mest takk til Gud for det levande Ordet som gir glede og håp kvar dag, avsluttar Anne Lise Adnøy.

Vil du lese meir om jubileet og den 900 år lange historia? Gå til www.kirken.no/jubileum2025

Tekst og foto: Stavanger bispedømme



Biskop Anne Lise Adnøy ved steinkorsa på Tjora, eit talande vitnesbyrd om tidleg kristen påverking.



Jubileumsbåten har reist rundt i bispedømmet sidan 2023, og har fått seglet fullt av logoar fra sokna den har besøkt.

Misterhood - et felleskap for menn i Frøyland og Orstad kyrkjelyd

Misterhood er et initiativ for menn i alle aldrer i Frøyland og Orstad kyrkjelyd. Vi samles for å dele livs- og troserfaringer – og for å bygge relasjoner med hverandre. Vi møtes cirka to ganger hvert semester, og så sant været tillater det, utnytter vi den friske luften ved å samles utendørs. Naturen er vår «katedral», og gapahaukene i området gir som regel en perfekt ramme for samlingene våre.

Sentralt er praten rundt bålet. Her finner ganske så ærlige samtaler om livet og troen sted. Her er det rom for å åpne seg og dele fra hjertet; rett og slett en sjanse til å knytte bånd som går dypere enn overfladiske samtaler.

Ett av denne vårens høydepunkter er en overnattingstur til Nodhagen 23. – 24. mai. Her kan en velge å overnatte inne i huset, i telt eller i hengekøyer. Uansett hva man velger, handler det om å dele gode historier, spise mat og ha godt fellesskap. Samt kanskje få seg litt søvn ute.

Alle er hjertelig velkommen til å bli med!

For mer informasjon - sjekk nettsidene til menigheten (www.fok.no)

Tekst: Morgan Fjelde

Nytt frå kyrkjeverja!

Det har blitt litt endringar i personalet dei siste månadene. Jarle Stokka takkar av som kyrkjelydspedagog i Bore og vi takkar han for tida og arbeidet han har lagt ned i kyrkjelyden! Birgitte Maudal Berge er nyttilsett og overtek stillinga med oppstart i midten av mai.

I Klepp har vi tilsett Vilde Henriette Lund Bergseth som kyrkjelydspedagog etter at Anette Dagfinrud Thorset overtok stillinga til Solfrid Vigdel Skalkvik i Bore. Vilde startar tidleg i mai. Andrea Bjørkavoll-Bergseth og Karoline Undheim har fått faste stillingar i kyrkjelyden.

I Frøyland og Orstad har Elisa Omdal permisjon, og vi har tre spreke ungdommar som skal vikariere som ungdomsteam i denne tida, Irene Undheim, Guro H. Høyland og Samuel Njærheim. Desse tre skal dele på stillinga, medan Ruben Omdal skal vere teamkoordinator som frivillig medarbeidar. Edel Egeland har vore vikar for Benedicte Meling fram til sommaren, men Benedicte kjem ikkje tilbake frå sin permisjon før i januar 2026. I haust vil Lauren Anne Auditors Severson ivareta ein del av hennar oppgåver. Lauren er engasjert på timebasis. Takk til Edel for arbeid og innsats i kyrkjelyden!

Erik Rørtveit er tilsett i stillinga som sokneprest i Orre og som prostiprest i Jæren. Han startar i august. Gunter Theiss har vore vikar i Orre det siste året, og vi takkar han for arbeid og innsats både i Orre og i fellesskapet her på Klepp! No står det att å finne ei løysing for administrative oppgåver i Orre framover, men det arbeider vi med å få på plass innan sommaren.

Vi gler oss til å bli kjent med Erik, Vilde, Birgitte, Irene, Guro, Samuel og Lauren og ønskjer alle saman varmt velkommen!

Våren 2025 vil vi oppdatere tilstandsvurderingane for alle kyrkjene og lage ein vedlikehaldsplan for dei neste 2-3 åra der ambisjonen er å komme ajour med vedlikehaldet og at alle kyrkjene skal vere i god stand. Reperasjonar og vedlikehald av orgel i Klepp og Bore vil verta prioritert.

Den norske kyrkja skal vere ein profesjonell aktør i administrasjon og forvaltning. Som eit ledd i dette har kyrkjerådet lenge arbeidd med digitale fellesløysingar. I Klepp går vi over til denne løysinga innan sommaren. Det betyr at tilsette får nye e-postar, så følg med på våre nettsider. I dei nye løysingane ligg det mange

moglegheiter for samhandling mellom tilsette og frivillige, noko vi ser fram til å utforske meir i tida som kjem.

Arvid Kaspersen, kyrkjeverge Klepp

Informasjon om gravplassar og gravminner (gravsteinar)

Gravplassforvaltninga administrerer gravplassane i Klepp. Klepp kommune står for opning og lukking av graver, vedlikehald og stell av gravplassane. Det er festar som eig og er ansvarleg for gravminna (gravsteinane).


Ein festar er som regel eit familiemedlem av den avdøde. Nye graver er freda i 20 år, så i den tida blir det ikkje krevd festeavgift, men deretter betaler festar kr 250,- pr år pr grav. Vi sender ut faktura i august/september til alle som skal betale slik avgift.

I tillegg har festar ansvar for sjølve gravsteinen, fundamentet og eventuell pynt. Nokre gonger er gravsteinar lause eller skeive. Hvis det kan vere til fare, hender det vi må legge ned steinane og sende beskjed til festar om å rette opp og sikre gravminnet betre. Vi anbefaler at de som besøker gravstadene, kjenner etter at gravsteinane står stødig og godt, at dei ikkje kan vris sidelengs eller velte mot ei av sidene. Dersom gravsteinen er skeiv eller ustø, ber vi om at du anten sjølv, eller ved hjelp av ein gartner eller gravferdsbyrå, sørger for at steinen blir festa skikkeleg. Nokre gonger må fundamentet gravast lenger ned. Når ei grav er meir enn 20 år, og viss det ikkje er ønske om å behalde grava, kan den slettast. Viss du som festar ønskjer å slette ei grav, bør du først sjekke med andre familiemedlemmer om dei også er einige i dette. Viss sletting er aktuelt, kan den som er festar sende ein e-post til gravplassforvaltninga om kva grav dette gjeld og kven som er gravlagt i den aktuelle grava.

Me minner om at gravpynt og gravlykter skal vere fastmontert eller stå godt festa i jorda slik at ikkje fuglar og dyr kan ta skade av det eller tar det med seg og sleppa det over beiteområder.

Hausten 2025 vil vi utarbeide ei eiga nettside for gravplassforvaltninga i Klepp der du vil finne all informasjon du treng. Vi kjem tilbake med nærare informasjon om dette i neste nummer av menighetsbladet.

Arvid Kaspersen, gravplassforvaltar Klepp



Under Lupa

Altid frejdig, naar Du gaar

.....
av Ola Sotnakk

Det er stor og rik sjangerbreidde i salmeboka, både musikalsk og tekstleg, og det er difor kanskje ikkje så rart at ein òg finn ein salme med bakgrunn i eit eventyr.

På nummer 415 står salmen «Alltid frejdig når du går». Denne er velkjend og mykje brukt, ikkje minst i gravferd. Salmen har sidan 1897 vore med i danske salmebøker, og i Noreg frå og med Landstads reviderte salmebok som kom i 1926.

Teksten er skriven av dansken Ernst Christian Richardt (1831-1892). Han var prest, men virka òg som forfattar og diktar. Han skreiv mykje forskjellig, mellom anna diktsyklusen «Tornerose» frå 1868. Denne vart til ei musikkdramatisk kantate av komponisten Peter Heise i 1873. Handlinga er i korte drag slik: Ein riddar og svenne hans finn ei eik med eit bilete av ei ung og vakker jente. Dei møter ein gamal mann, som skal syne seg å vere ein tidlegare heidningehovding. Han fortel om korleis dottera, som heiter Tornerose, ligg i djup svevn innesperra i eit slott som soning for at faren drap St. Placidius, som hadde forkynt evangeliet. Rundt slottet er det ein tornehekk som er ugjennomtrengelig, og ingen har klart å kome gjennom.

Den gamle mannen gjev riddaren ei harpe som har vore St. Placidius si. Trua frigjer tonane frå harpa, og slik slepp riddaren inn gjennom tornehekkene. På veg inn seier han: «Paa Vindebroen er jeg, – fra dens Planker det giver Gjenlyd alt for hvert et Skridt; nu vil jeg stemme op den lille Vise, min Fader lærte mig, da jeg blev Væbner.»

Så syng han denne visa, kalt «væpnarsongen», som me kjenner som «Alltid frejdig når du går».

Melodien er skriven av Christoph Ernst Friedrich Weyse (1774-1842), som opphavleg var skriven til teksten «Dagen gaar med raske Fjed». Tekst og melodi skal ha vorte kopla ved frk. Zahles skole i København, og har seinare vore den melodien som har vorte brukt i alle salmebøker. Weyse var frå Tyskland, men kom til Danmark allereie som 15-åring for å utdanne seg. I Danmark vart han verande livet ut. Han verka som organist, seinare professor, og hoffkomponist. Han skreiv musikk i ulike format, mellom anna songar, romansar, symfoniar, kantatar og syngespel, og han gav ut ei koralbok.

Både Weyse og Richardt er representerte fleire gonger i Norsk salmebok.

*Altid frejdig, naar Du gaar
Veje, Gud tør kjende,
selv om Du til Maalet naaer
først ved Verdens Ende.*

*Aldrig ræd for Mørkets Magt!
Stjernerne vil lyse;
med et Fadervor i Pagt
skal Du aldrig gyse.*

*Kæmp for Alt hvad Du har kjær,
dø, om saa det gjælder,
da er Livet ej saa svært,
Døden ikke heller.*

INVITERER TIL TO FLOTTE PILEGRIMSTURAR

I sommar blir det arrangert ein pilegrimstur frå Stavanger til Røldal i juli og ein frå Egersund til Stavanger i august. Bli med på innhaldsrike vandringar, tidebøner og måltidsfellesskap!

Turane er i regi av Utstein Pilegrimsgard og Den norske kyrkja i Rogaland, og blir leia av erfarne pilegrimar. Turen til Røldal går til det årlege Pilegrimsstemnet der, mens turen til Stavanger blir avslutta med den store pilegrimsdagen 16. august i samband med 900-årsjubileet for kyrkja i Rogaland.

Les meir om den på www.kirken.no/jubileum2025.

Frå Stavanger til Røldal 1. – 6. juli

Frå byen ved havet og øyane går turen inn fjordane, gjennom grøderike dalar og over høgfjellet til pilegrimsmålet. På reisa er følgt innom seks kyrkjer før ein kjem fram til stavkyrkja i Røldal. Undervegs blir det korte samlingar – og tid til stillheit.

Sokneprest i Sauda Espen Gya og sjømannsprest Anne Netland vil vera med som pilegrimsprestar. Reidunn Ferstad frå Trodla-Tysdal er òg med som leiar.

Røldal var, etter Nidaros, det mest kjende pilegrimsmålet i Norge i middelalderen. I hundrevis av år søkte pilegrimar frå fjern og nær det undergjerande krusifikset.

Bli med på ein innhaldsrik tur med buss, båt og vandringar. Det blir gudstenester, tidebøner, meditasjonar, samtaler og gode måltidsfellesskap.

Gå Kystpilegrimsleia over Jæren 12. - 16. august

Vandringa startar frå Egersund kirke tysdag morgon og endar opp i Stavanger laurdag ettermiddag, til pilegrimsmesse i Domkirken.

Langs pilegrimsleia over Jæren ligg fleire middelalderkyrkjer, Ognå kyrkje, Orre gamle kyrkje og Sola ruinkirke, i tillegg til 400 år gamle Egersund kirke, Varhaug gamle kyrkjegard og pilegrimsmålet Stavanger domkirke.

Me ferdast langs kysten og går på sand og stiar, gras, grus og litt asfalt, og passerer blant anna Friluftsfyret Kvassheim, Obrestad fyr, Hå gamle prestegard og Friluftshuset på Orre. I løpet av dagen har me tidebønner. Om kvelden er det samling med blant anna oppsummering av dagen.

Vandringsleiarar er Ola Undheim og Greta Bore Haarr, pilegrimsprest er tidlegare sokneprest Andreas Haarr. Velkommen til vandring på denne fantastiske kyststrekninga!

Meir om turane og påmelding finn du på www.utsteinpilegrimsgard.no



Nytt fra plankomiteen

GRUNNSTEINSNEDLEGGING!

Det viser igjen i sentrum no, både rådhuset, kultursalen og den nye kyrkja, og framleis blir det rapportert om at framdrifta går som planlagt. Denne våren blir det jobba med møblar til både kyrkja, ungdomssalen og kontora, liturgiske møblar, og utstyr til lyd, lys og bilete. Anbudskonkurransane pågår og møblar og utstyr skal leverast neste sommar. Søndag 6. april var det grunnsteinsnedlegging i kyrkja. Biskop Anne Lise Adnøy, sokneprest Just Salvesen og ordførar Kjetil Maudal stod i sentrum for hendinga. Det var også helsingar frå fleire involverte i arbeidet med ny kyrkje.

Rundt 250 personar møtte opp og var augevitne til at eit koparskrin som inneheld bibel, salmebok,

prosjektbeskriving og teikningar, vedtak frå kyrkjerådet og avtale mellom kommune og kyrkje, blei lagt i grunnen under altaret for så å bli støypet over med stein og betong.

Seinare skal ein av steinane i betongen slipast fram og det skal rissast inn teksten «Grunnstein 2025» i steinen. Om eitt år er prosessen fullført, og då blir dei ståande igjen desse tre: Første spadestikk i 2024, grunnsteinsnedlegging i 2025 og vigsling i 2026, og det er ikkje lenge til. Då skal vi feire i veker og månader, så det er berre å glede seg!


Arvid Kaspersen, på vegne av plankomiteen
Foto: Tore Myrstad



Nestleiar i Klepp sokneråd, Inger Furenes Nordas, med ei helsing frå soknerådet i anledning den store dagen.



Omkring 250 personar var vitne til den historiske grunnsteinsnedlegginga!



Biskop Anne Lise Adnøy henter grunnsteinen.



Sokneprest Just Salvesen og biskop Anne Lise Adnøy legg ned grunnsteinen.



Helsing frå ordførar i Klepp, Kjetil Maudal.

Gudstenester

Klepp Kyrkje

(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført)

01.06. kl. 11.00

Temagudsteneste med nattverd. Just Salvesen.

08.06. kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste med dåp. Pinsedag. Just Salvesen.

09.06. kl. 11.00

Friluftgudsteneste på Krosshaug saman med Bryne kyrkje-lyd.

16.06. kl. 11.00

Generasjonsgudsteneste med dåp. Skaperverkets Dag. Just Salvesen.

20.07. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Vikarprest.

03.08. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

17.08. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Semesterstart. Grilling. Just Salvesen.

24.08. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp og nattverd. Just Salvesen.

31.08. kl. 11.00

NB: Gudsteneste på Horve Ungdomssenter ifm Menighetsweekend.

07.09. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Presentasjon av konfirmanter. Just Salvesen.

14.09. kl. 11.00

Temagudsteneste med nattverd. Vikar.

21.09. kl. 11.00

Gudsteneste med dåp. Presentasjon av konfirmanter. Just Salvesen.

Endringer kan forekoma – følg med i Jærbladet og på heimesida.

Bore kyrkje

(Alle gudstenester startar kl 11.00 der anna ikkje er oppført). Ønskjer du å abonnere på Bore kyrkje sin infomail kan du sende namn og mailadresse på SMS til 948 69 841.

01.06. Ikkje gudsteneste.

08.06. Høgtidsgudsteneste med dåp, pinsedag. Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

